

nr. 7 - 2014

# PiRion

- kulturavis for barnehagar og skular

© Astrid Eidhammer Hjelmeland



Eit aktivt språk  
– der ein set ord på alt under leik  
og formidling – er avgjerande i  
ein fleirspråkleg barnehage.

TEKST: ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND

# Aktivt språk

# Aktivt språk...

Om morgonen  
helsar me  
på ulike  
språk...

- Kvifor er kulturformidling til barn viktig?

Det er viktig med kulturformidling til barn fordi det er ein rett barn har. Mitt område er å fortelja forteljingar, forteljingar som er kulturberande. Gjennom å lytta til desse forteljingane får barn ein tilgang til fellesskapet, og dei får hjelp til å språkleggjere erfaringane sine.

Forteljingane bidreg òg til å skapa mening. Personleg meiner eg at alle bør vita kva eit troll er. Då meiner eg det trollet som lever i fantasien sin skog fjell. Om dei døyr ut av fantasien vår, då er me fattige då.



## I perioden 2007–2011 var barnehagen del av det nasjonale språkprosjektet Språkløftet, som hadde som mål å styrka språket og den sosiale kompetansen til born.

Barnehagen har i dag ti tospråklege born av totalt 45, og sjølv om prosjektet er over, har barnehagen framleis arbeidsinndelte grupper der språk har hovudfokus, fortel styrar Anne Gro Gallefos. I språkarbeidet nyttar dei mykje konkretiseringsmateriell og vel ut fokusord frå bøker, eventyr og tema-arbeid. Omgrep og ordforrådet til borna blir styrkt gjennom lek, songar, rim og regler, spel og bøker.

### Dialog med heimen

I prosjektperioden fekk kommunen ekstra ressursar, som gjorde det mogleg med eigen tospråkleg assistent nokre dagar i veka. Dette gjorde at borna fekk bruka morsmålet

sitt aktivt i barnehagen, og assistenten blei ein viktig brubyggjar i høve foreldra. Etter prosjektperioden har ikkje kommunen hatt dei same ressursane i forhold til tospråkleg assistanse. Men dialogen med heimen til dei tospråklege borna er framleis viktig.

— Me oppfordrar tospråklege foreldre til å sjå i bøker og lesa eventyr som me har som tema, fortel Gallefos. Dersom foreldre ikkje kan lesa, kan dei sjå på bilete.

Ho meiner det er viktig at foreldre blir oppfordra til å bruka morsmål heime.

— Forsking syner at barn som har eit godt morsmål, ofte lærer fortare eit nytt språk.

### Forteljing

Eit anna viktig verkemiddel i språkopplæringa er styrking av borna si forteljarevne ved hjelp av samtalar rundt bilete, rundt det som blir lese, eller rundt noko ein har gjort i barnehagen. Eit døme er å lesa ei forteljing og la borna laga ein slutt.

Elles styrker barnehagen det språklege medvitte via lytteleikar, rim og regler, lek med setningar og ord, lek med stavingar, lek med framlyd og skriftspråkstimulering.

— Me som jobbar i barnehagen, er den viktigaste språkressursen, understrekar Gallefos. Om morgonen helsar me på ulike språk, og me må bruka språket aktivt i alle kvardags-



Heidi Dahlsveen  
Forteljar, forfattar, og høgskolelektor i forteljarkunst ved Høgskolen i Oslo

Omgrep og ordforrådet  
til borna blir styrkt gjennom  
leik, songar, rim og regler,  
spel og bøker.



situasjonar i barnehagen  
og setja ord på alt me gjer.  
Dersom eg viser fram ein raud  
genser med kvite prikkar, må  
eg samstundes skildra fargane  
og forma.

Barnehagen er òg med på  
å knyta band mellom norske  
og tospråklege foreldre  
og oppfordrar born og  
vaksne til å syna interesse  
for dei ulike kulturane og  
landa dei har representert i  
barnehagen.

— Det er viktig at me  
skapar gode haldningar til  
alle born og foreldre ved å  
vera imøtekomande og ved  
å visa respekt for kvaran-  
dre.

Leik med  
framlyd og  
skriftspråk-  
stimulering



## Jakob og Neikob Og det tomme rommet

Av Kari Stai  
Samlaget 2014

Kari Stai tek oss med inn i  
universet til Jakob og Neikob  
ein gong til. I denne tredje boka  
ynskjer Jakob og Neikob seg  
ein sambuar som kan bu i det  
skumle og tomme rommet på  
loftet. Men kva er ein sambuar?  
Som alltid kan kommunika-  
sjonen by på utfordringar sidan  
Jakob seier ja til alt,  
og Neikob seier nei  
til alt.

Bestevennene bur  
i eit høgt hus, Jakob  
bur i første etasje,  
og Neikob i andre,  
men kven skal bu  
på loftet?

Vennene møter  
mange på sin veg  
som kanskje kan  
bu på loftet deira. Kva med ein  
snømann, kan han bli ein god  
sambuar? Eller kva med ein  
engel, eller ein nisse?

Å finne ein god sambuar er

ikkje enkelt, og etter kvart  
endar den gode vennskapen  
i krangel, plutsleg er beste-  
vennene blitt verstevenner.  
Korleis kan dei finne ut av dette  
og likevel vere gode venner?

Boka tek føre seg dei store  
spørsmåla om vennskap,  
korleis ein kan løyse konflik-

tar, og jula  
som høgtid.  
Borna blir  
presenterte  
for store og  
viktige  
tema på ein  
jordnær,  
humoristisk og  
vakker måte.  
Biletbøkene  
til Kari Stai er



enkle, varme og tidlause i tema.  
Teikningane er store, fargerike  
og rause. Bøkene om Jakob og  
Neikob passar godt til høgt-  
lesing.

Judith Sørhus Litlehamar





## Dei usynlege bøkene

Ikkje fordi det ikkje finst mange og gode bøker for barn og unge på nynorsk. Tvert imot, kvaliteten på det som vert utgitt, er usedvanleg høg, og nynorskskrivande barne- og ungdomsbokforfattarar vinn fleire prisar enn deira bokmålskrivande kollegaar. Det er heller ikkje utvalet av nynorsklitteratur for barn og unge eg er uroleg for, for det kjem om lag 25 nye titlar for unge i alle aldersgrupper kvart einaste år, og med den nye lettleserier Leseland er også lesebe-gynnarane og unge med lesevanskar sikra eit godt utval av svært godt tilrettelagde bøker.

Nei, det eg er bekymra for, er synlegheita av denne nynorske litteraturskatten.

Dei siste åra har bokhandlane blitt meir og meir sentralstyrte, og den enkelte bokhandelen kan i mindre grad satse på bøker som ikkje er kjøpte inn av kjeda sentralt. I tillegg blir det færre bokhandlarar som tør å ta inn mange andre titlar i tillegg til alt det sentrale dei skal selje. At nynorske barnebøker ikkje har første prioritet på kontora til dei sentrale kjedene, er ikkje nokon løyndom.

Blåmann barnebokklubb sørgde i eit tiår for å forsyne barnefamiliar med eit godt utval av nynorske barnebøker for barn mellom 0 og 12 år. Etter at bokklubben gjekk konkurs våren 2013, har mangelen på ein sentral aktør som serverer barnebøker til foreldre, besteforeldre og ikkje minst barnehagar, resultert i at salstala, og dermed opplagstala, for nynorske bøker for barn og unge har stupt.

Forlaga får stadig tilbakemelding om at det finst for få barnebøker på nynorsk, samstundes blir bøkene liggjande på lagera, usynlege for både foreldre, besteforeldre og barn.

Det er mykje godt bokstoff i norske dags- og vekeavisar,



foto: Tone K. Børstein

### Eg er bekymra for den nynorske barne- og ungdomslitteraturen.

SIMONE STIBBE FORLEGGAR OG FORLAGSSJEF I SKALD

nokre har til og med eit eige magasin eller eigne seksjonar for bøker. Bøkene får også eksponering i radio og til tider på TV. Men kvar er barnebøkene? Nokre aviser omtaler barne- og ungdomsbøker samla to–tre gongar i året, og då gjerne eit utval av fem–seks titlar, men det seier seg sjølv at det ikkje kan bli mange av dei 25 nynorske publikasjonane som kjem med her.

Ja, det finst gode nettstadar som fokuserer på barnelitteratur, som Barnebokkritikk.no, og det finst til og med eigne nettstadar for nynorske utgjevingar, som Nynorsk bok.no eller Framtida.no; og det finst Pirion. Dei gjer ein svært god og viktig jobb, og det er ikkje tvil om at vi treng dei, men dei kan ikkje bere heile ansvaret åleine. Dei fleste av desse nettstadane er avhengige av at foreldre, besteforeldre,

lærarar, barnehage tilsette, bibliotekarar etc. oppsøker sidene aktivt. Men skal vi gi den nynorske barnebokskatten eit nytt og sterkt tiltrengt løft, må bøkene bli synlege også for dei passivt målmedvitne familiane.

Når bøkene ikkje er synlege i bokhandelen, og folk heller ikkje får lese mykje om dei i dags- og vekeavisene, kvar skal dei få vite om det som vert utgitt?

For ikkje så lenge sidan kunne eg ha nemnt eit lyspunkt i all mi bekymring: biblioteka. Utlånstalar for barnebøker er høgst av alle sjangrar. Men om det skal kuttast i innkjøpsordningane for barn og unge fordi kulturministeren ynskjer å spare inn 10 millionar, då er det på tide at vi alle viser at vi er bekymra.

Mitt råd til alle som i lag med meg er bekymra for synlegheita av og dermed framtida til den nynorske barne- og ungdomsbokskatten: Spør etter bøkene både i bokhandelen og media, mas og mas, om og om att!

for deg som jobbar med barn

facebook/pirion @avisapirion

www.pirion.no

# Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?



Tips oss på [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no) Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og [www.pirion.no](http://www.pirion.no)